



## Forskrift om tømning av slamanlegg - Øygarden kommune

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 14.12.2016 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 26, jf. § 30, tredje ledd og § 34.

### Kapittel 1. Generelle føresegner

#### § 1. Føremål

Forskrifta har som mål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og sluttbehandling av slam frå slamanlegg i kommunen.

#### § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld tømning, transport og behandling av slam frå slamanlegg der kommunen er forureiningsmyndigheit. Like eins gjeld forskrifta for tømning av tette oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn og slam.

Oljeutskiljarar, feittutskiljarar og oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn eller liknande ikkje-sanitært avløpsvatn er ikkje omfatta av denne forskrifta. Slamanlegg tilknytt kommunalt avløpsnett er ikkje omfatta av forskrifta, med unntak av slamanlegg kommunen har vedteke at ikkje kan fjernast, sjølv om sanitært avløpsvatn går til reinseanlegg.

#### § 3. Definisjonar

- a) **Abonment:** Eigar av eigeendom som er omfatta av tømmeordninga. Dersom eigedommen er festa bort for 30 år eller meir, vert festaren rekna som abonnent. Eigeendom er definert med eige matrikelnummer.
- b) **Abonnement:** Avtale mellom abonnent og kommunen i samband med tømning, transport og behandling av slam frå slamanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg.
- c) **Sanitært avløpsvatn:** Avløpsvatn frå menneskeleg aktivitet som til dømes frå bad, kjøken, vaskemaskin, toalett mv.
- d) **Gråvatn:** Sanitært avløpsvatn frå vask, dusj og vaskemaskin (kjøken, bad og vaskerom), men ikkje frå toalett.
- e) **Svartvatn:** Sanitært avløpsvatn frå toalett.
- f) **Slamanlegg:** Oppsamlings- og avslamningstankar for sanitært avløpsvatn og overvatn. Til dømes slamavskiljar, tett tank, minireinseanlegg, slamtørkeanlegg mv. eller ein kombinasjon av desse.
- g) **Eigedom:** Fast eigeendom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigeendom.
- h) **Fritidsbustad/bygg:** Eigeommar som i matrikelregisteret er registrert som fritidsbustad, hytte eller fråflytta husvære som vert nytta i samband med ferie og fritid. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- i) **Gebyrregulativ:** Kommunens gjeldande prisoversikt for gebyr. Satsane i gebyrregulativet vert oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- j) **Slamavskiljar:** Ein eller fleire kummar for avskiljing av slam frå avløpsvatn. Eit anna namn på slamavskiljar er septiktank.
- k) **Slam:** Innhaldet frå avløpsanlegg for avslamning av sanitært avløpsvatn og overvatn eller frå oppsamlingstankar for ubehandla sanitært avløpsvatn.
- l) **Renovator:** Aktør som på vegne av kommunen utfører innsamling og transport av slam.
- m) **Slamkøyretøy:** Køyretøy for oppsamling av slam. Til dømes mobil slamavvatnar, traktor, sugebil ol.
- n) **Slamgebyr:** Omfattar betaling for tømning, transport og behandling av slam.
- o) **Ekstratømming:** Tilleggstømming utanom fastsett tømmeplan.
- p) **Naudtømming:** Tilleggstømming som må utførast innan 24 timar.
- q) **Tilpassa tømning:** Lovpålagt tømning av tette tankar kan verte utført etter bestilling frå abonnenten, i staden for ordinær tømning.
- r) **Tømmeplan:** Ruteplan, fastsett av kommunen, for å gjennomføre effektiv og rasjonell tømning av slam for eit større område, og som er tilpassa tømmefrekvens i gjevne utsleppstillingar.

#### **§ 4. Kommunal innsamling av slam**

Kommunen skal syte for tømning av slamanlegg som er omfatta av denne forskrifta, jf. forurensningsloven § 26. Dette kan verte gjort i eigen regi eller ved bruk av renovatør. All tømning skal utførast av den renovatøren kommunen har kontrakt med.

Kommunen skal registrere abonnentar, registrere kvart slamanlegg sitt volum, fastsetje slamanlegget si avgiftsgruppe og tømmehyppigheit, samt fastsetje og krevje inn gebyr.

Kommunen krev inn gebyr for tømning utanfor fastsett tømmeplan.

## **Kapittel 2. Tømning av slam frå slamanlegg**

### **§ 5. Abonnten sine plikter**

Abonnten pliktar å innordne seg kommunen sin tømmeplan.

Abonnten skal syte for at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømning med slamkøyretøy. Lokk skal vere køyresikre når dei kan bli utsett for overkøyring. Snø, is, jord osv. som dekkjar kumlokk og liknande med skal fjernast av abonnten før tømning skal utførast. Tre, busker og andre gjenstandar som er til vesentleg hinder, skal fjernast av abonnten før tømning vert utført. Dersom dette ikkje er gjort, må anlegget tømmast utanom fastsett tømmeplan, og abonnten kan få ekstra gebyr.

Abonnten er pliktig til å halde tilsyn med eige slamanlegg og omgåande utbetre skader på anlegget etter kommunen sine retningsliner. Vidare skal alle endringar i tekniske installasjonar, anleggsutføring eller endra bruk varslast, jf. plan- og bygningslovens føresegrer.

#### **§ 5-1. Tilkomst/hindringar**

Det må vere køyrbar tilkomstveg fram til maksimalt 50 meter frå slamanlegget. Som køyrbar tilkomstveg reknast i dette tilfelle veg som er framkomeleg og har breidde og styrke til å tole eit slamkøyretøy. Vegen må ha ei fri høgde på minst 4 meter. Tilkomstvegen skal ha snuplass og dessutan kurvatur og stigingsforhold for å kunne betene slamkøyretøyet.

Heile anlegget må kunne verte tømt frå same oppstillingsplass, og botntank kan vere maksimum 6 meter lågare enn høgste terrengpunkt mellom botntank og oppstillingsplass.

Anlegg som etter oppsette tømmeplan ikkje kan betenast med slamkøyretøy, på grunn av tilkomstvegens tilstand, kan verte betent med tilpassa utstyr. Kommunen bestemmer kva for eigedomar som må betenast med slikt utstyr. Kommunen kan også påleggje at abonnten syter for at slammet vert frakta bort/disponert på ein helse- og miljømessig god måte. Slamhandteringa skal godkjennast av kommunen.

Kommunen eller renovatør har ikkje ansvar for skade på og vedlikehald av privat veg og plass, med mindre det kan påvisast aktausheit.

#### **§ 5-2. Tilgjengelegheit til anlegget**

Renovatøren har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tømninga.

På tømmedag skal naudsynte grinder og portar vere opne, og dessutan skal renovatørane vere sikra mot forulemping frå husdyr og liknande. Dersom abonnten etter førehandsvarsel ikkje har klargjort slamanlegget inkl. tilkomstveg for tømning, eller frakta fram slammet mv., vert ikkje ordinær tømning gjennomført. Ekstrakostnadar som kommunen påførast vert dekt av abonnten, jf. § 7.

Det er abonnten si plikt å syte for at tømning blir utført, dvs. at abonnten må ta kontakt med kommunen dersom tanken skal tømmast utanom den fastsette tømmeplan, eller dersom kommunen ikkje har registrert at abonnten skal ha tømning i høve til forskrifta eller gjeve utsleppstillating.

### **§ 6. Kommunens plikter**

Kommunen fastset tømmeplan, og pliktar å melde tømning av anlegg i god tid før sjølve tømmedagen.

Kommunen pliktar å tømme alle anlegg som er omfatta av denne føresegna i tråd med tømmehyppigheit beskrive i § 7.

Tømninga skal utførast slik at bebuarane ikkje unødige vert sjenert av støy og lukt. Anlegget skal forlatast i lukka stand, og grinder, portar og dører skal verte lukka, eventuelt låst. Slamkøyretøyet skal vere slik innretta at tømning og transport kan skje på ein hygienisk og estetisk måte.

Renovatør er berre pliktig til å ta med slam frå godkjende slamanlegg, og der abonnten elles har oppfylt dei krav han er pålagt gjennom forskrifta.

Renovatør pliktar å gje informasjon til abonnten om at han har tømt, og om ev. feil eller manglar som er oppdaga på anlegget.

## **§ 7. Tømmefrekvens**

Tømmefrekvensen vert fastsett i kommunen sin tømmeplan og er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Abonnten skal føre tilsyn med slamanlegget og melde frå til kommunen ved behov for hyppigare tømning. Kommunen kan for einiskilde anlegg tillate/krevje andre tømmefrekvensar. Dersom utsleppstillating krev hyppigare tømning, må tillatinga følgjast.

Ekstratømmingar utanfor fastsett tømmeplan, eller utanfor tilpassa tømning for tette tankar, kan verte utført av kommunen etter førespurnad. Abonnten varslar då kommunen, som vil utføre slik tømning innan 14 dagar. For slik tømning må det betalast ekstra gebyr.

## **Kapittel 3. Gebyr**

### **§ 8. Slangegebyr**

I medhald av forurensningsloven § 34 skal kommunen krevje gebyr frå abonnentane som er omfatta av ordninga. Sjølv om abonnten nektar tømning, eller at det av anna grunn ikkje kan verte sett i verk tømning, skal det likevel svarast gebyr.

Abonnten skal betale eit årleg gebyr. Gebyrplikt finn stad seinast 6 månader etter at utsleppstillating er gjeve. Gebyret vert fastsett årleg av kommunestyret gjennom gebyrregulativet.

### **§ 9. Innkrevjing, renter mv.**

Slangegebyr med oppsamla renter og kostnader er sikra med lovpant i eigedommen (legalpant) etter lov om pant av 8. februar 1980 nr. 2, § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

Elles gjeld foreldelseslovens fristar.

## **Kapittel 4. Avsluttande føresegner**

### **§ 10. Fritak**

Kommunestyret kan delegere myndigheit til på eige initiativ, eller etter skriftleg søknad å sjå vekk frå føresegnene i denne forskrifta. Fritak frå plikta til å delta i slamordninga kan berre verte gjeve til bestemte eigedomar. Det kan verte gjeve fritak for følgjande eigedomar:

- Husstandar som er å betrakte som kondemnert.
- Eigedom utan bygningar.
- Mellombels fråflytta eigedomar.

Abonnten pliktar å informere kommunen dersom grunnlaget for dispensasjonen vert endra.

Ved ukjend/uavklåra eigar/eigarførehald, dødsfall utan kjende arvingar ol. kan delegert myndigheit frå kommunestyret frita eller utsetje innkrevjing av heile eller delar av gebyret i inntil 2 kvartal som eit eingongstiltak.

Mellombels fråflytting må meldast inn på førehand, vare i minst 6 månader, og vere godkjend av kommunen. Fråflyttinga vert gjeldande frå kommunen sin neste termin etter godkjenninga.

Fritidseigedomar kan ikkje vere mellombels fråflytta.

Ved søknad til kommunen kan abonnten få fritak for gebyr når eigedommen fysisk vert fråkopla eigedomens vassanlegg. Abonnementet tek slutt når melding om plombering er motteke og godkjend av kommunen.

Ved godkjend fråflytting bestemmer kommunen storleiken og varigheita på fritaket.

Det vert ikkje gjeve fritak eller reduksjon i slangegebyr ut frå sosiale kriterium.

Det at ein abonnent har fleire eigedomar (bustad og fritidsbustad) i kommunen gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyr.

Lite bruk av eigedommen gjev ikkje grunnlag for fritak av gebyr.

### **§ 11. Delegering av myndigheit**

Forureiningsmyndigheita etter denne forskrifta ligg til kommunen, som kan delegere si myndigheit til annan instans med unntak av kommunestyret si myndigheit til å fastsetje gebyr etter § 8 og § 13 om sanksjonar og straff.

### **§ 12. Klagetilgjenge**

Vedtak som er fatta av kommunen eller andre som er delegert myndigheit i medhald av denne forskrifta, kan klagast til kommunen ifølgje forvaltningsloven § 28 og kommunen sitt delegasjonsreglement.

### **§ 13. Sanksjonar og straff**

Kommunen kan påleggje den einskilde abonnent å utbetre slamanlegga, dersom dette synes naudsynt for å sikre tilstrekkeleg god behandling av slammet eller for å hindre at det oppstår unødige utslepp.

Brot av denne forskrifta kan utover dette verte straffa med bøter, jf. forurensningsloven § 79, andre ledd eller tvangsmulkt til staten, jf. forurensningsloven § 73.

### **§ 14. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017. Frå same tid vert gjeldande forskrift i Øygarden kommune oppheva.